

## Notat

**Til:** Hovudutvalet  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### **Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 Arbeidet med prioritering mellom område/aktivitetar i opplærings- sektoren**

Hovudutvalet handsama i sak 2/14 skriv til drøfting vedkomande bestillinga frå finansutvalet til hovudutvala om å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor. I notatet vart det konkludert med at fylkesdirektøren til møtet i mars skulle leggje fram ei skisse til prosess og metode for å løyse oppdraget frå finansutvalet.

#### **Metode**

Det er utfordrande å prioritere mellom tenester/ytingar som tilhøyrer ulike område og som alle framstår som viktige. Fylkesdirektøren ser det som lite tenleg å gjere prioriteringar «ned til siste krone», då store deler av tenestene i sektoren ikkje vil vere mogleg å ta bort. Under er det skissert ein metode for å kunne gjere ei prioritering på eit meir overordna og realistisk nivå.

Sektoren kan delast opp i fleire område («pakkar» bygd på innbyrdes samanhengande tenester) der kvart område vert presentert ut frå prioriteringsrekkefølga under:

1. Kjernenivå –teneste	Mill kr	Konsekvensar
For å kunne prioritere innan sektoren må det klargjerast kva deler av verksemda som ikkje kan «veljast bort» - altså definere eit «kjernenivå» på tenesteytinga. Kjernenivået vil vere knytt til å fylle krava i opplæringslova.	Anslag	Kva inneber det å drive tenesta på dette nivået – fokus på kvalitet/ konsekvensar.  Dette nivået kan ikkje setjast opp mot andre tenester utan å bryte lova.
2. Framhald av dagens tenestenivå		
Her skal ein ta inn tenester/ytingar som går ut over kjernenivået på tenesta opp til dagens tenestenivå, i prioritert rekkefølge.	Anslag	Eksplisitt vise auka kvalitet av tilbodet ved utviding i høve kjernenivået.  Fokus på kvalitet/ konsekvensar.
3. Ynskt utvida tenestenivå		
Fordi finansutvalet vil nytte prosessen til ev. omfordeling mellom sektorane, bør ein kort gje nokre vurderingar av kva som trengst for å styrke dagens tenestetilbod innan det aktuelle området, i prioritert rekkefølge.	Anslag	Eksplisitt vise auka kvalitet av tilbodet ved utviding i høve dagens nivå.  Fokus på kvalitet/ konsekvensar.

### Prosess

Fylkesdirektøren legg fram sak for hovudutvalet til møtet 27. mai med ei skisse til prioritering på overordna nivå.

Endeleg sak om prioritering innan opplæringssektoren vert lagt fram for hovudutvalet til møtet 17. juni.

Fylkesdirektøren ser det som viktig å forankre arbeidet i organisasjonen og vil i arbeidet med saka leggje til rette for eit tett og god dialog med institusjonsnivået i sektoren og dei tilsette sine representantar (fylkeshovudtillitsvalde).

Det vil også vere viktig med informasjon om arbeidet til dei tilsette. Fylkesrådmannen vil her nytte intranettet Portalen.